

## Brannvern

Levande lys, juledekorasjonar og borns lek med dei er dei vanlegaste årsakane til dødsbrannane. Vi nordmenn bruker omlag 17 000 000 levande lys i jula.

I tillegg til dødsbrannane toppar julemånaden statistikken når det gjeld forbrenningar og skålding. Her utgjør born den største gruppa skadde.

### Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset, helst grovt, kast saltet over glørne i ovnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

### Brannverntips

1. Skift batteri i røykvarslaren før julekvelden.
2. Test røykvarslaren ein gong kvar månad.
3. Forlat aldri rom med brennande lys.
4. Forlat aldri smultgryta når den står på komfyren.
5. Sjekk bustadens brannvern-utstyr, så som brannsløkkings-apparat og slange.

### Melding om brann

skal skje til tlf.

**110**



Skodje kommune  
ønskjer alle

God Jul

og

Godt Nytt År!

## Ungdommens kulturmønstring – UKM

**UKM-Skodje 2009**

**Tid: Søndag 01.02.09**

**Stad: Skodje ungdomsskule, idrettsbygget**

**Påmeldingsfrist: 19.01.09**

Alle som deltek på UKM-Skodje 2009, vil vere med i trekninga av eit gåvekort frå COOP til ein verdi av 1000 kr.

### Kva er UKM?

UKM er landets største kulturarrangement for ungdom.

Lokalmønstringane finn stad i kvar kommune i januar / februar.

UKM skal opne for flest mogleg sjangrar eller kulturuttrykk.

### Innhald

Til mønstringa i Skodje i 2009 er det lagt opp til påmelding i fem kategoriar: sceneinnslag, video, nettreleksjon, konferansier og utstillingsgjenstandar.

### Tips:

- Sceneinnslag: song, musikk, teater, dans, stand-up
- Video: ulike filmar; kortfilmar, animasjonsfilmar
- Nettreleksjon: fotografere, skrive om kulturmønstringa, legge tekst og bilde på UKM-sida på internett
- Konferansier
- Utstilling: foto, bildekunst, skulptur, kunsthåndverk, husflid

### Aldersgrense

På lokalmønstringane kan deltakarane vere mellom 10 og 20 år. Når det gjeld deltakande grupper, må minst halvparten vere innafor dette aldersspennet.

### Lengde på innslag

For å kunne avvikle mønstringa på ein kveld, må vi setje ei maksimal tidsramme på 5 minutt for scene- og videoinnslaga.

### Deltaking

Det er råd å delta med fleire innslag og i fleire sjangrar. Deltakarane må høyre til i kommunen, anten ved å bu fast eller gå på skule her. I grupper må minst éin ha slik tilhøyrsløse.

Grupper som er sett saman av deltakarar tilhøyrande i fleire kommunar, kan delta på fleire mønstringar.

### Fylkesmønstring

Nokre av deltakarane får tilbod om å representere kommunen under fylkesmønstringa. I år skal denne mønstringa vere på Åndalsnes 27.-29. mars 2009.

### Jury

Juryen har to oppgåver. Den eine er å gi kvar deltakar god tilbakemelding på innslaget. Den andre er å avgjere kven som skal få tilbod om å representere kommunen under fylkesmønstringa.

### Påmelding

Påmelding skal skje på internett: [www.ukm.no](http://www.ukm.no). Vend deg til ein kulturkontakt på skulane viss du ikkje finn ut av påmeldinga.



## Renovasjon i jula og romjula

Både renovasjonsrute R9 og R10 vert køyrt **tysdag 23. desember** og **tysdag 30. desember** (Sjå avfallskalender).

Sett bosset fram til kl. 07.00. Det vert køyrt med to bilar.

## Ny fastlegeheimel

Fastlege Olav Mestad skal ha permisjon i tre månader frå nyttår for å gjere teneste på sjukehusavdeling.

John Espen Gjøen som har vore vikar ved helsesenteret i haust, skal halde fram som vikar for Mestad.

Der er ikkje ledige plassar på listene til dei faste legane lenger, og kommunen er pliktig å skaffe fastlege til sine innbyggjarar. Skodje kommune har difor fått innvilga ein ny fastlegeheimel. Dei faste legane kortar inn listene sine, og det kan difor verte endring på fastlegelistene.

## Julegåver på Fargeskrinet

På Gulehuset på Prestemarka får du kjøpt mange fine husflidsprodukt.

Fargeskrinet har ope

**kvardagar mellom kl. 08.30 og 15.30.**

Velkommen til julehandel på Fargeskrinet!

## Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 13. mars. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 5. mars.

# Opningstider i jula

## Skodje helsesenter

Ekspedisjonstida i romjula (måndag 29.12. og tysdag 30.12.) er frå kl. 09.00 til kl. 14.00.

Ekspedisjonstida lillejulaften er fram til kl. 14.00. Då tek legevakta over.

Julaften og nyttårsaftan må ein vende seg til legevakta om ein treng hjelp.

**Ved behov for øyeblikkeleg legehjelp utanom ekspedisjonstida, kontakt legevakta på tlf. 70 27 03 00.** Der er alltid ein lege som har vakt, eller om det hastar, ring **113**.

## Rådhuset

Ekspedisjonstider på rådhuset vil i romjula vere **kl. 9.00 - 14.00**.

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar på rådhuset utanom ekspedisjonstidene. Vi gjer merksam på at det kan vere redusert bemanning desse dagane.

## Legevakta i Skodje, Stordal og Ørskog

Lillejulaften 23.12: kl.14.00 - 20.00

Julaften 24.12: kl.09.00 - 15.00

1. juledag 25.12: kl.14.00 - 20.00

2. juledag 26.12: kl.14.00 - 20.00

Laurdag 27.12: kl.11.00 - 17.00

Søndag 28.12: kl.14.00 - 20.00

Måndag 29.12: kl.14.00 - 20.00

Tysdag 30.12: kl.14.00 - 20.00

Nyttårsaftan 31.12: kl.09.00 - 15.00

1. nyttårsdag 01.01: kl.14.00 - 20.00

## Biblioteket

Skodje folkebibliotek har stengt i jula.

Siste opningsdag før jul:

Måndag 22. desember

Første opningsdag etter jul: Måndag 5. januar.

# Blomster og dekorasjonar til jul

Gartneriet på Prestemarka har ope alle dagar bortsett frå søndagar fram til jul:

- Måndag, tysdag, onsdag og fredag: kl. 9 - 16
- Torsdagar: kl. 9 - 18
- Laurdagar: kl. 10 - 15
- 22. og 23. desember: kl. 9 - 17

Julaften er det stengt.

På Gartneriet finn du eit assortert utval av juleblomster, pynta røter og kransar til dørpynt og gravstad.

Velkommen til ein triveleg julehandel!

Telefonnr. til gartneriet : 70 24 48 97



## Dette skjer

### Romjulsdans

Skodje blandakor byd inn til romjulsdans 27. desember kl. 21.00 - 02.00 på klubbhuset til Skodje I.L.

Musikk: Teachers

Pris: Kr. 150,-

Det vert servert velkomstgløgg fram til kl. 23.00.

Dørene vert stengde kl. 24.00.

Arr.:



"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no